



Sivilarkitekt Einar Mørk mnal
c/o Stiftelsen Bryggen
5003 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2963 - 17/13206

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
08.05.2017

Førebels svar på søknad om igangsetjingsløyve - gbnr 239/15 Eknes ytre

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om igangsetjingsløyve 20.04.2017.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi har følgjande merknader:

- Kommunen kan godkjenna person for ansvarsrett som sjølvbyggjar på eigen bustad eller fritidsbustad dersom personen sannsynleggjer at arbeidet vil bli utført i samsvar med bestemmelsar gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova. Bestemmelsen gjeld arbeid på eigen eigedom. Vi kan ikkje sjå at Tomas Erlien, som har søkt om personleg ansvarsrett for utførande for grunn-, betong-, tømmer- og murarbeid er eigar av eigedomen. Erlien vil følgjeleg ikkje kunne godkjennast som sjølvbyggjar.

Ny søknad om ansvarsrett som sjølvbyggjar frå heimelshavar , eller frå ansvarleg føretak må sendast inn. Vi gjer merksam på at kompetansekravet for sjølvbyggjar kan løysast ved bruk av medhjelpar si utdanning og praksis eller innleigd føretak.

- Hjelmås VVS AS har erklært ansvar for PRO og UTF for sanitæranlegg med tilhøyrande leidningsnett. Vi forstår dette til berre å omhandla sanitæranlegg innvendig i tilbygget.
- Utsleppsløyve er gitt i eiga sak, jf sak 17/632, og vilkår i utsleppsløyvet må dokumenterast før mottatt søknad om byggjeløyve på avlaupsanlegget kan handsamast. Vi gjer merksam på at det ikkje kan gjevast ferdigattest eller mellombels bruksløyve for tilbygget før avlaupsanlegget er ferdigstilt med ferdigattest.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **15.06.2017**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.



Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Therese Visted	Øyjordslien 7	5038	BERGEN
Tomas Erlien	Øyjordslien 7	5038	BERGEN

Mottakarar:

Sivilarkitekt Einar Mørk mnal	c/o Stiftelsen Bryggen	5003	BERGEN
-------------------------------	---------------------------	------	--------